

Liafjord skal leverast til veka, Liafjell til sommaren

14.09.2012



Liafjord er straks klår for levering

**Liegruppen på Sotra håpar Liafjord vil bli levert
frå Eidsvik Skipsbyggeri i neste veka og den
avanserte båten vil då bli sendt
direkte på fiske, opplyser Odd Bremnes i Liegruppen
Fiskeri. Det betyr at tidspunktet for fullføring er
stort sett som venta.
Sjefen for fiskeriavdelingen Lars Olav Lie opplyser at
det førebels ikkje er formelt bestemt med kontraktsignering
at Eidsvik også skal utstyre den neste båten men han reknar
med det. Den skal heite Liafjell og vert identisk med Liafjord.**

Som Liafjord blir skroget til Liafjell laga i Litauen og arbeidet er allereie i gang. Lie opplyser at båt nummer to vil bli fullført kommande sommar.. Dei to båtane er heilt avgjerande for sysselsettinga ved ei verksemd som til tider har hatt det tungt i dei seinare åra. Liafjordskroget kom til Eidsvik i mars.

Båtane vil vera kombinerte trålarar og snurparar og utstyrt for lågast mogeleg forbruk av drivstoff, nærmare bestemt 500 000 liter mindre for kvar båt enn ved tradisjonell drift. Det blir satsa på den nyaste miljøteknologien til Rolls Royce.

Dei 2 båtane blir karakterisert som nyskapande miljøbåtar og Liegruppen tek med dei eit langt steg inn i framtida. Familieforetaket har samarbeidd tett med Eidsvik gjennom 20 år. Liebåtane går igjen i protokollane til Uskedalens største verksemd. Det starta med Libas i 1991.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen